



## NOTAT

**Til:** Vestlandsrådet, Arbeidsutvalet  
Sætre, Nora Mette, Næringsseksjonen  
**Frå:** Døskeland, Inge  
**Kopi til:** Torgersen, Matti, Utviklingsseksjonen

**Dato:** 30. mars 2012  
**Arkivsak:** 201202954-1/IDOS  
**Arkivnr.:** 313

### **Grunnlagsdokument om sjømat og havbruk, Vestlandsrådet sitt innspel til "Sjømatmeldinga".**

#### **Bakgrunn og tilråding**

Fiskeri- og kystdepartementet arbeider no med melding til Stortinget om Noreg som verdas fremste sjømatnasjon, "Sjømatmeldinga". Meldinga vil mellom anna inkludere tema om marin forsking (som Vestlandsrådet har gitt innspel til i vedtak 17. februar 2012, "HAV 21" saka) og vurdering av tiltak fra "Gullestadutvalet" sin rapport fra 4. februar 2011.

Marin samarbeidsgruppe (VestMarin) meiner det bør utarbeidast politiske saker knytt til "Sjømatmeldinga" på både fylkeskommunalt og Vestlandsrådsnivå. Vidare at Vestlandsrådet både lager saker i ein tidleg førebuande fase, og i samband med den formelle høyringa i 2013. Det er venta at meldinga vert lagt fram seinhaustes. Vestlandsrådet bør difor ha ferdig sak til handsaming på møtet på Gardermoen 20. september 2012.

**Det vert rådd til at VestMarin står for utarbeiding av saksframlegg, engasjerer eksterne støtte til den fylkesovergripande samanstillinga av underlagsinformasjon, og at Vestlandsrådet til dette føremålet stiller til rådvelde om lag kr. 50.000.**


#### **Drøfting**

Det er ynskjeleg at ei "Vestlandssak" tek opp overordna ambisjonar for regionen og i mindre grad fokuserer på konkrete tiltak og prosjekt som er spesifikke i dei fire fylka. Det er viktig at saka evner å sjå framover i eit 5 til 30 års perspektiv, og tar opp i seg vegval og drøfter politiske prioriteringar. Tema må vere av ein art som alle fylka kan stille seg bak, og som fokuserer på område der Vestlandet har, eller ynskjar å styrke, sine posisjonar.

**Vestlandsrådet sin ambisjon for marin sektor kan vere at Vestlandet skal vere Noregs fremste sjømatregion.**

Eit viktig argument for dette er at sjømatnæringa har vore ei av dei store vekstnæringane dei siste 10 år. Veksten har vore ca 5,5 % pr. år, mens industrien elles har hatt ca. 1,5% årleg vekst (2000 – 2009). Næringa er vidare kjenneteikna ved å ha ei nøkkelrolle i å sikre robuste kystsamfunn.

Dobbelt så høg vekst i kompetanseintensive næringer som i andre næringer det siste tiåret (32% vs 15%) tilseier at Vestlandet må utnytte og vidareutvikle sitt fortrinn som den leiande marine



**Figur Fordeling av marin FoU**

kryssingsfeltet der Vestlandet både har føremoner, og samstundes er i samsvar med dei globale sjømat "megatrendene" vi ser framover.

Døme på slike kan vere;

- Global befolkningssauke og stigande etterspørsel
- Velstandsauke, fleire 100 mill går inn i middelklassen i Asia
- Forbrukarmedvit, helse og "lågkarbo" trenden
- Sjømat som berekraftig og klimavennleg samanlikna med anna kjøttproduksjon

#### Stikkord for Vestlandet kan vere;

- Sjømat og helse, sunne kvalitetsprodukt
- Fiskehelse og velferd
- Bioteknologi, raffinering av biprodukt
- Utvikling av meir divers og fleirtrofisk akvakultur
- Berekraft og forvaltning


Fylka si sentrale rolle innan berekraftig marin forvaltning bør framhevest. Vestlandet kan ha ambisjon om å verte leiande på forvalting og pilotregion i utvikling av metodikk.

- Som forvaltar av areal (PBL)
- Som forvaltar av akvakultur løyve (Akvakulturlova)
- Som regional utviklingsaktør (RUP med meir)
- Som kunnskaps- og nettverksbyggjar, koplar mellom kunnskap og næring (RFF, VRI med meir)
- Som eigar av vidaregåande- og fagskuleutdanning

kunnskapsregionen. Dette vil krevje at ein lukkast med å rekruttere talenta til sjømatsektoren som bidrag til "kunnskapsøkonomien".

Målet er at regionen skal skape endå større verdiar og berekraftig vekst basert på våre marine ressursar, og ikkje minst kompetanse.

Stikkord elles er at regionen aukar fokus på marknad og forbrukar. Gjennom ein slik strategi vil prioriteringar verte retta mot



**Figur Trendar**

Saka bør spegle i kva grad ein vil fremje satsing og prioritering sett opp mot ynskje å framstå som "komplett" sjømatregion for heile verdikjeda. Ei prioritering vil krevje vurdering av Vestlandet sine føremoner og i kva grad desse er komplementære til andre regionar i landet.